



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Onsdag 22.01.2020

Klokka 10.00 – 14.30

Stad: Heradsstyresalen, Ulvik herad

Til stades:

Eidfjord kommune:	Ordfører Anders Vattle frå kl 12.25
Kvam herad:	Ordfører Torgeir Næss - rådsordfører
Ullensvang kommune:	Ordfører Roald Aga Haug - rådsvaraordfører frå kl 11.00
Ulvik herad:	Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen
Voss herad:	Ordfører Hans-Erik Ringkjøb
Hardangerrådet iks:	Styremedlem Astrid Dale Vindal
Rådmannsforum:	Rådmann Anita Hesthamar
Administrasjonen:	Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

Agenda:

10.00 - 14.30 Sakshandsaming

11.30 - 12.00 Lunsj

12.00 - 14.30 Sakshandsaming

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Hans Petter Thorbjørnsen

Hans-Erik Ringkjøb

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Sak 05/20 vart handsama sist i møtet.

Saker til handsaming:

HR-sak 01/20 Saker innmeldte ved starten av møtet.

Vert tatt opp under sak 06/20.

- Hordalandsbenken på besøk til Hardangerkommunane mandag 16. mars 2020 - ferdigstilling av detaljprogram
- Hardingtinget - deltaking. Formannskap Team Hardanger rådmann, planansvarleg
- Hardangerkonferansen 2020 11. - 12. november i Eidfjord - Dato for første møte i programstyret
- Orientering til kommunestyra , Hardangerrådet og Fjordvegen Rute 13
- Hardanger ungdomsting 9. mars 2020 i Kvam - Deltaking frå ordførarar

HR-sak 02/20 Meldingar

Ingen meldingar utsendt.

HR-sak 03/20 Skjønsmidler til fornying og innovasjon i kommunane 2020 - prosess for tildeling

Vedtak:

Hardangerrådet avsluttar si koordinerande rolle i søknadsprosessen for skjønsmidler frå Fylkesmannen.

HR-sak 04/20 Godkjenning av vedtekter for Hardanger ungdomsråd

Vedtak:

Hardangerrådet godkjenner reviderte vedtekter som gjeldande for Hardanger og Voss Ungdomsråd frå 2020.

HR-sak 05/20 Vidareføring av regionalt samarbeid i Hardanger - drøfting

Voss herad ønskjer å verta medlem av Hardangerrådet, men set krav om at medlemskontingent må endrast til eit betydeleg lågare nivå. Dette føreset ein ny driftsmodell der ein ikkje har fast administrasjon som idag.

Rådet ønskjer eit drøfting i kvar herads-/kommunestyre basert på følgjande overskrifter/spørsmål:

Kva kan Hardangerrådet bidra med for kommunen?

Kva ser kommunen som sine utfordringar i framtida?

Kva satsingsområde/prioriteringar skal Hardangerrådet ha?

Kva skal regionrådet arbeida med?

Korleis skal regionrådet organiserast?

Kva er akseptabelt kostnadsnivå/medlemskontingent?

Er det alternative driftsmodellar som vil fungera betre enn dagens?

Ser ein konkrete fellesprosjekt som bør administrerast/driftast av Hardangerrådet?

Kva verdi har Hardangeridentiteten?

Treng vi eit regionråd i Hardanger?

Administrasjonen i Hardangerrådet utarbeider rapport som viser kontingentnivå og oppgåveomfang og driftsmodell for andre regionråd.

Vedtak:

Kvar medlemskommune drøftar internt korleis ein ser framtidig driftsmodell og innhald i eit framtidig Hardangerråd. Drøfting skal ta utgangspunkt i felles notat/PP-presentasjon som vert utarbeidd av dagleg leiar og rådsordførar. Drøfting i kommunestyra må vera før neste rådsmøte 19. mars.

HR-sak 06/20 Orientering- og drøftingssaker

- Hordalandsbenken på besøk til Hardangerkommunane mandag 16. mars 2020 - ferdigstilling av detaljprogram
Ordførarane utarbeider program for eigen kommune og oversender dette til administrasjonen i Hardangerrådet innan 10. februar.

- Hardingtinget - deltaking. Formannskap Team Hardanger rådmann, planansvarleg
Ordførarane formidlar ønskje om at rådmann og planansvarleg frå kvar medlemskommune deltar på Hardingtinget.
- Hardangerkonferansen 2020 11. - 12. november i Eidfjord - Dato for første møte i programstyret vert 17. februar.
- Orientering til kommunestyra , Hardangerrådet og Fjordvegen Rute 13
Administrasjonen gjer avtale med kvar medlemskommune om tid for slik orientering.
- Hardanger ungdomsting 9. mars 2020 i Kvam - Deltaking frå ordførarar.
Ordførarane vart oppmoda om å prioritera deltaking på Hardanger ungdomsting. Det vart stadfesta i møtet at fleire av ordførarane vil delta.

Møteboka godkjent 22.01.2020

Torgeir Næss
Rådsordførar

Rådsmedlem
Hans Petter Thorbjørnsen

Rådsmedlem
Hans-Erik Ringkjøb